

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 5.2.2024

Stad: Fjordsenteret

Sak 9/24. Søknad om fornying av leigeavtale for storviltjakt 2024-27, Aurland jakt- og fiskelag

Aurland jakt- og fiskelag ynskjer å fornya leigeavtalen for storviltjakta (elg og hjort) i Nordheimsdalen, Aurland nordre statsallmenning, for perioden 2024-27. Kopi av søknaden ligg ved, saman med forrige kontrakt og retningslinjer for Elg og hjortejakt på Aurland statsallmenning..

### **Saksopplysning/vurdering:**

Aurland fjellstyre er positive til å gå inn i ein ny leigeavtale med Aurland jakt og fiskelag om elg og hjortejakta i Nordheimsdalen. Heilt sidan Aurland fjellstyre overtok organiseringa av utleiga frå Statskog SF i 2004, har me hatt eit godt samarbeid.

Det er naturleg å sjå på ordlyden i kontrakten fjellstyret har hatt med Aurland jakt- og fiskelag om storviltjakta i samband med denne saka.

Prisane må justerast det er fire år sidan sist.. Det kan og vera greitt å justera gjennomsnittsvektene, etter vekttoppgåver dei siste 5 eller 10 åra.

Det er og på tide å gå gjennom retningslinjene om Elg og hjortejakt i Aurland statsallmenning, siste revidering av dei var i 2016.


Den siste leigeperioden har Aurland jakt og fiskelag hatt utleige frå 1. september til 31. oktober. Etter det har heile valdet vore utleigd til dagskortjegrar. Dagskort bidreg til att fleire jegrar kjem seg på jakt noko som er ein av fjellstyra sine målsetningar. Jaktidsramma i kommunen er for tida frå 15. august til 23. desember og så frå 1.januar til 31. januar. Me har ikkje leigd ut jakta i august, det er og noko som bør vurderast i ei slik sak.

Det kan vera lurt å drøfta ein del av desse moglege forandringar i leigekontrakta med Aurland jakt og fiskelag før me lagar ny leigekontrakt.

### **Framlegg til vedtak:**

Aurland fjellstyre er positive til å fornya leigeavtale om elg og hjortejakt i Nordheimsdalen, men ynskjer å drøfta ein del forandringar i avtalen med Aurland jakt og fiskelag før ein skriv ny kontrakt. Dagleg leiar får ansvar for å kalla inn til eit slikt møte. Så blir kontraktsutkast og retningslinjer for elg og hjortejakt i Aurland statsallmenning teke opp som eigne saker i nytt fjellstyremøte.

Aurland 1. februar 2024



Håkon Øydvinn

Fjelloppsyn Aurland fjellstyre

Aurland Fjellstyre

5745 Aurland

Flåm 11/1-24

## Søknad om ny leigeavtale for hjort og elgjakt i Nordheimsdalen 2024 - 2027

Aurland jakt og fiskelag har hatt avtale med Aurland fjellstyre om leige av jaktterreng i Nordheimsdalen i mange år.

Noverande avtalen gjekk ut i 2023

AJF søker med dette om å få fornya leigeavtalen for storviltjakt på Aurland nordre statsallmenning, Nordheimsdalen.

Vonar på positivt svar.

Med helsing

Leiar i jakt og fiskeutvalet - AJF

Kjell Hov

5743 Flåm.

**Leigeavtale om elg- og hjortejakt.**  
**mellom**  
**Aurland Fjellstyre 5745 Aurland som utleigar**  
**og**  
**Aurland jakt og fiskelag 5745 Aurland , som leigetakar**

er det inngått avtale om leige av hjortejakt på fylgjande vilkår:

1. Avtalen gjeld leige av hjortejakt på Aurland nordre statsallmenning, gnr. 57/2 i Aurland kommune. Jaktfelt 2 over høgdekurva 600 m.o.h., frå 1. september til 31. oktober.
2. Leigeavtalen gjeld perioden 2020-2023.

Utleigar kan oppheva avtalen dersom leigetakar eller ein som nyttar retten til han, på ein vesentleg måte bryt vilkåra i avtalen eller i føresegner etter jaktlovgevinga.

Leigetakar er sjølv ansvarleg for at dei som skal jakta på området har betalt dei fastsette avgifter og elles fyller dei krav viltlovgevinga set.

Leigetakar pliktar å setja seg inn i lokale retningslinjer for Elg og hjortejakt i Aurland statsallmenning.

Aurland fjellstyre tilbyr ungdom under 25 år som jaktar med Aurland jakt og fiskelag sitt jaktlag gratis jakt. For kvar ungdom som aktivt deltek i hjortejakta i Nordheimsdalen, skal Aurland jakt og fiskelag sleppa å betala grunnavgift for 1 dyr, kun kiloprisen på 63.- for felte dyr.

3. Det vert gjeve ein kvote på 13 frie løyve årleg i 4 års perioden .For hjortejakta skal det betalast ei grunnavgift på kr. 2000.- for vaksne dyr. Fellingsavgifter på vaksne dyr kjem i tillegg. Grunnavgifta for kalv er fjerna, så lenge kravet om bestandsreduksjon vert halde oppe. Skyting av kalv går heller ikkje på kvote men ein skal betala kilopris for felte dyr. For felte dyr skal det betalast kr. 63.- kr pr. kg. med utgangspunkt i fylgjande gjennomsnittsvecter.

Vaksen bukk	77 kg (80 kg.)
Bukk 1,5 år	48 kg (50 kg.)
Vaksen kolle	55 kg (55 kg)
Kolle 1,5 år	42 kg (45 kg)
Kalv	22 kg (22 kg.)

I sluttoppgjeret for felte dyr vert grunnavgifta trekt frå.

For elgjakta disponere Aurland jakt og fiskelag eit fritt dyr og ein kalv. Det skal betalast ei grunnavgift på kr. 3000 på vaksne dyr, og kr. 1500 på kalv. (Fordelinga kan verta endra i kontraktperioden). Fellingsavgifter kjem i tillegg. For felte dyr skal det betalast kr. 63 pr. kg. etter vekttoppgåve attestert av jaktleiar. I sluttoppgjeret for felte dyr vert grunnavgifta trekt frå.

Grunnavgifta skal betalast innan 15 august etter påkrav. Dersom leiga ikkje vert betalt til rett tid, kan avtalen opphevast. Oversikt over felte dyr skal sendast utleigar innan 5 dagar etter jaktslutt som grunnlag for sluttoppgjær.

Det er høve til å søkja på tilleggsdyr, men grunnavgifta må vera betalt før ein går ut på jakt.

4. Brot på viltlov, føresegner, lokale retningslinjer om Elg og hjortejakt i Aurland statsallmenning og leigekontrakt under jakta kan føra til at jaktretten etter denne avtalen vert dregen attende sjå punkt 7. i lokale retningslinjer. Ved brot på ovannevnde retningslinjer har jaktlaget ikkje rett på tilbakebetaling av grunnavgift.
5. Jaktretten skal utnyttast ved at leigetakar sel jaktkort, immanbygdsbuande kan prioriterast.
6. Trekninga av kven som skal vera med i jaktlaget skal gjerast av styret i Aurland Jakt- og Fiskelag. Her skal ein fylgja offentleg lovverk sine retningslinjer for kunningering med søknadsfrist, trekkingsdato og trekkingsresultat. Trekkingsresultata skal godkjennast av Aurland Fjellstyre før offentleggjering.

Leigetakar pliktar å opplysa att Miljødirektoratet er klageinstans ved tildeling av jaktrett, ein eventuell klage skal sendast gjennom Aurland fjellstyre.

Leigetakar skal sende liste over medlemmar i jaktlaget og kopi av ettersøksavtale til utleigar før jakta tek til.

Inntektene av kortsalet skal nyttast til fremje av jakta, viltstelltiltak, oppsyn og naudsynt forvaltning av jaktretten.

6. Melding om felte dyr skal snarast råd og seinast tre dagar etter felling gjevast til fylgjande for eventuell kontroll:

- Aurland fjellstyre 57633566 / 99567650  
E-post: [haakon.oydvin@fjellstyrene.no](mailto:haakon.oydvin@fjellstyrene.no)

Alle jaktlaga i Nordheimsdalen skal registrera aktiviteten sin på [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no) der skal ein registrera kva ein ser og feller med slakteveker.

Fellingstad skal avmerkast på kart som vert sendt til utleigar etter jaktslutt.

Leigetakar er ansvarleg for at fellingsrapport vert send utleigar seinast 5 dagar etter jaktslutt.

Alle felte dyr skal takast prøve for CWD, både hjerne og lymfeprøve, utstyr for prøvetaking og rettleiing får de hjå valdansvarleg.

7. Event. bruk av skogsbilvegane på naboeigedomen som tilkomst til jaktområdet skal avklarast med grunneigar.

8. Denne avtalen vert oppretta i to eksemplar, eitt til kvar av partane. Det jaktlaget som utøver jakta skal ha ein kopi av avtalen.

Som utleigar

Aurland den. 6/8-20

Knut Arne Skjerve  
for Aurland Fjellstyre

Som leigetakar

Aurland den. 6/8-20

Kjell Stor.  
for Aurland Jakt og Fiskelag

# Elg og hjortejakt i Aurland statsallmenning

## 1. Søknad, tildeling og trekning.

- a) Tildeling på jaktfelt 1 skjer ved loddtrekning (innan 15. mai) mellom jaktlag som har søkt innan ein fastsett frist (30. april). Offentleggjing av trekningsresultatet vil skje på internett seinast innan klokken 18.00 påfølgjande arbeidsdag. Lag og personar som har fått tildelt jakt vil bli tilskrivne. Lag som har fått tildelt jakt må gi tilbakemelding innan 10. juni.
- b) Fjellstyret skal så raskt som mogleg etter tildeling oversenda kontrakten for underskrift. Før jakta skal jaktlaget få tilsendt nødvendige dokument vedrørende jaktfeltet.
- c) Innanbygds jaktlag kan få ein viss fortrinnsrett til jaktfelt. Grunnregelen er at 60 % av fellingsløyva kan tildelast innanbygdsbuande<sup>1</sup>. Dispensasjon til anna fordeling kan bli gjeve av Miljødirektoratet.
- d) Innanbygds og utanbygds jaktlag kan søkja på alle jaktfelt, men utanbygds jaktlag kan berre få innanbygds felt når desse ikkje har innanbygds søkjarar. Jaktfelt 1 nede ved fjorden er prioritert for utanbygds søkjarar.
- e) Elg- og hjortejakt i statsallmenning kan som hovudregel berre leigast bort til privatpersonar. Dette punktet er likevel ikkje til hinder for at fjellstyret kan leiga ut jakta til Aurland jakt og fiskelag. Eit jaktlag kan som hovudregel berre leiga eitt jaktfelt på statsallmenning/statens grunn, årleg<sup>1</sup>.
- f) Fjellstyret kan opne for å selja dagskort på hjortejakt.
- g) Alle jaktlag/ enkeltjegerar som blir tildelt jakt i Nordheimsdalen skal registrere «sett og skutt hjort med vekter» direkte på [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no)

## 2. Jaktlag og samansetning

- a) Jaktlag er å sjå som innanbygds dersom fleire enn halvparten av jaktlagets medlemmer, inklusive jaktleiar, er busett (registrert i folkeregisteret) i kommunen jaktfeltet ligg. Kravet må vera oppfylt når søknadsfristen går ut.
- b) Ein jeger kan berre vera medlem i eitt jaktlag.
- c) Jaktlaga skal bestå av minimum ein jeger pr tildelt fellingsløyve.
- d) Søknad om endringar i jaktlaget sin samansetnad etter at jaktlaget er tildelt jaktfelt, skal skje skriftleg til fjellstyret.
- e) Den som i løpet av dei siste 3 åra er rettskraftig dømd til straff, eller har vedteke førelegg for brot på viltlov m/forskrifter, kan utelatast for elg- og hjortejakt på statsallmenning/statens grunn. Dersom det i ettertid viser seg at jaktlaget eller nokon av medlemane ikkje oppfyller dei fastsette krava til å søkja på elg/hjortejakt i statsallmenning, kan kontrakten hevast, og jaktfeltet tildelast eit anna jaktlag.
- f) Oversikt over kva som skal dokumenterast, skal sendast jaktlaget saman med leigekontrakt. Jaktlaget skal sende inn nødvendig dokumentasjon

på at offentlege og fjellstyret sine krav som er sette for å delta under jakta er oppfylte for samtlege deltakarar på jaktlaget. Slik dokumentasjon skal føreligga før underskriven kontrakt blir returnert jaktlaget.

### 3. Under jakt

- a) Under jakta skal fylgjande dokument takast med:
  - Kontrakten, med vedlegg.
  - Bevis for innbetalt jegeravgift<sup>3</sup>.
  - Bevis for godkjent skyteprøve<sup>3</sup>.
  - Våpenkort for våpenet som vert nytta under jakta (eventuelt Utlånserklæring frå eigar av våpenet)<sup>2</sup>.
  - Bevis for godkjend ettersøksavtale<sup>3</sup>.
- b) Jaktlaget pliktar å setje seg nøye inn i grensene for jaktfeltet. Eige kart skal fylgja kontrakten og/eller jaktleiarpermen.
- c) Jaktlaget skal etter at dyret er felt, *snarast råd og seinast innan 3 dagar*, gje melding til oppsyn/kontaktperson. Mangel på varsling blir rekna som brot på leigekontrakten. Jaktlaget skal merke av staden på kart og på førespurnad frå oppsyn/kontaktperson påvise fellingsstad i terrenget. Slakteavfall skal liggja fritt.
- d) Elgku som er i fylgje med kalv skal ikkje fellast før kalven.
- e) Kontrakten gir ingen rett til å avgrensa andre sin aktivitet på jaktfeltet, som ferdsle i samsvar med allemannsretten, bærplukking, småviltjakt, næringsutøving og liknande.
- f) På nærmare bestemte område kan det etter skriftleg samtykke frå oppsyn/kontaktperson avtalast å jakte inn på tilgrensende jaktfelt, og/eller få tildelt tilleggsdyr av ledig kvote. Tilleggskontrakt skal underskrivast av oppsyn/kontaktperson og jaktlagsleiar.
- g) Etter søknad kan ein ta inn gjestejegrar etter fyrste året i kontraktperioden.

### 4. Skadeskyting-feilskyting

- a) Med omsyn til ettersøksplikt, forfylgingsrett og avliving av såra storvilt gjeld fylgjande: Den som under jakt skadeskyt storvilt, pliktar å gjere det ein kan for å avliva dyret snarast mogleg. Jeger plikter å forvise seg om påskote dyr er treft eller ikkje. Jegeren og jaktlaget som har skadeskote storvilt, skal ikkje oppta jakt eller påskote nye dyr medan ettersøk pågår. Innan valdet sine grenser skal ettersøk om nødvendig halda fram ut dagen etter skadeskytinga. Dersom pliktig ettersøk fyrste dag er utan resultat, skal jeger eller jaktlag utan opphald melda frå til oppsyn/ kontaktperson og kommunen<sup>3</sup>.
- b) Dersom det vert felt dyr som ikkje stemmer med til tildelinga, skal det utan opphald sendast ut beskjed til oppsyn/kontaktperson.
- c) Felling av dyr som ikkje inngår i kontrakt vert rekna som brot på leigekontrakten. Ved grov feilfelling eller andre spesielle hendingar kan fjellstyret krevja skriftleg rapport om hendinga frå jaktlag v/leiar og evt. frå oppsyn/kontaktperson.
- d) Dyr som ved ettersøk blir funne daudt og kjøtet vert kassert, skal takast på lagets kvote. Som hovedregel blir grunnavgift ikkje tilbakebetalt. Dyr som blir funne daudt etter at kommunal viltmyndigheit har gjeve

beskjed om at ettersøk er avslutta, vert å rekna som fallvilt og skal ikkje takast på kvoten<sup>4</sup>.

## 5. Veking/kontroll

For hjortejakta skal det betalast ei på førehand vedteken grunnavgift for vaksne dyr og ei for kalv. Fellingsavifta kjem i tillegg. For felte dyr skal det betalast kilopris pr. felte dyr med utgangspunkt i fylgjande gjennomsnittsvекter:

Vaksen bukk	77 kg.
Bukk 1,5 år	48 kg.
Vaksen kolle	55 kg
Kolle 1,5 år	42 kg
Kalv	22 kg.

I sluttoppgjeret for felte dyr vert grunnavgifta trekt frå.

Grunnavgifta skal betalast innan 1. juli etter påkrav. Dersom leiga ikkje vert betalt til rett tid, kan avtalen opphevast.

Fellingstad avmerkt på kart skal sendast utleigar, og «sett og skutt hjort med vekter» skal registrerast direkte på [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no) seinast 5 dagar etter jaktslutt.

## 6. Ved jaktslutt

- Når jaktlaget har felt kvoten eller avslutta jakta før jakttida er slutt, pliktar jaktlaget straks å gje beskjed om dette til oppsyn/kontaktperson. Jaktlaget pliktar også å gi opplysningar og innlevere prøver/materiale/skjema som vert kravd<sup>1</sup>.
- Etter at jakttida er slutt, skal rapportering skje så fort som mogleg, eller seinast fem dagar etter at jakta er avslutta<sup>1</sup>. For sein rapportering vert rekna som brot på leigekontrakten.
- Betaling av fjellstyret sitt krav overfor jaktlaget skal skje innanfor dei fristar som er fastsette på innbetalingsgiroen. Forseinka innbetaling vert rekna som brot på leigekontrakten.
- Etter at jakta er slutt, kan fjellstyret oversende rapport/statistikk om resultatet innen valdet/kommunen og aktuell region til jaktlaget.

## 7. Tvistar

- Tvistar i samsvar med privatrettslege avtalar skal i utgangspunktet løysast minneleg mellom partane.
- Brot på offentlegrettslege regler vert rapporterte til politiet.
- Fjellstyret kan ta saker inn for ei eiga sanksjonsgruppe for vurdering.
- Offentlegrettslege vedtak og einskildvedtak fatta av fjellstyret kan påklagast MD innan nærmare fastsette fristar<sup>3</sup>.

Fotnotar:

1. jmf. forskrift av 8. mars 2004 om jakt, fangst og fiske i statsallmenning.

2 jmf. lov av 9. juni 1961 nr. 1 om skytevåpen og ammunisjon mv.

3 jmf. forskrift av 22. mars 2002 nr 150 om utøvelse av jakt og fangst.

4. jmf. forskrift av 22.03.2002 nr. 0150 om utøvelse av jakt og fangst samt rundskriv til denne.